



Lubbesild til ambassadør Lars Vågen, formidla frå Hjørnevåg av Kristian Bringedal! (Foto: Magne Fitjar)

Venskapsturen til San Lucas Toliman går etter oppsett program og er eit sterkt møte med Mayakulturen. 6 kvinner og menn frå kommune, skule og den frivillige venskapsgruppa i Kvinnherad er med på turen Kultursjef Kristiaan Bringedal frå Uskedalen er ein av dei og han skriv slik til oss:



Med politiekskorte til fjells!. På bildet er Karin Thauland, Randi Elisabeth Bjelland, Ragnhild Røstbø og Liv Øvstebø frå Kvinnherad. (Foto: Magne Fitjar)

Etter ei lang flyreise kom gruppa fram til Guatemala City på palmesundag. Etter forespurnad frå tilsette på den norske ambassaden hadde gruppa med norsk mat til 17. mai-høgtida deira. Det vart såleis overlevert lubbesild frå Hjørnevåg i Uskedalen til ambassdøren i Guatemala.

Møte med kommune og kvinnegruppe

Første dagen i San Lucas Toliman gjekk med til møte og drøftingar med representantar i kommunen, politisk og administrativ leiing.

Tema var: Reint vatn, søppelhandtering og politisk styring.

Det er nemleg eit stort problem i San Lucas korleis ein skal skaffa innbyggjarane reint vatn.

Innsjøen er sterkt ureina frå kloakk og andre utslepp. Det vert arbeidd med fleire alternativ for korleis ein skal løysa dette problemet. Eit alternativ erå nytta vatn frå elvane og gjera som i Kvinnherad med UV-stråling.

Gruppa fekk eit sterkt møte med tre kvinnegrupper.

Det handlar om korleis gje kvinner større medverknad og leggja grunnlaget for kvinnelege arbeidsplassar, Med økologisk drift fekk vi innsyn i kaffeproduksjon og plantedyrking for urtemedisin.

Ein lang og blodig krig i Guatemala sette sterke spor.

Freden i 1986 la grunnlaget for eit løft for Mayafoket. Det er ein lang veg å gå frå undertrykking og nedvurdering til reell fridom med alle demokratiske rettar.

Ei kvinne fortalde om sterke hendingar i livet hennar med tortur, drap og tap av familiemedlemer og eit liv på flukt.

To barnedåpar

Eit venskap over mange år har ført til at to av medlemene i reisefylgjet vart spurt om å vera fadder i barnedåpar, Magne Fitjar og Ragnhild Røstbø.

Heile gruppa vart invitert. Det vart eit møte med to ulike huslydar og i delvis ulike buformer. Med katolsk messe og høgtid i heimen kom vi tett på familielivet deira.

Stipendelevar

Venskapsgruppa har ansvaret for 6 stipendelevar i San Lucas Toliman.

Elevane vert fylgt tett opp av den lokale venskapsgruppa på plassen.

Det har til no vore eit vellukka prosjekt. Elevane tek høgare utdanning og alle maktar studiet bra. Vi fekk møta studentane og foreldra deira.

Markert påskefeiring

Den katolske påkehøgtida er omfattande og gripande.

Det er prosesjonar i gatene dag og natt, kvar dag frå palmesundag til 1. påskedag.

Det handla om ei rekkje tablå som fortel om Jesu lidning.

Venskapsgruppa fekk vera med på arbeidet med blommedekorasjon i gatene på langfredag.

Vi fekk og ein innsyn i arbeidet med å rigga dei store flåtane dei bar rundt i gatene i timevis,- eit stor og omfattande arbeid som eigentleg tek til tidleg i fastetida.

Fjelltur med politivakter

Det stor kriminalitet i Guatemala for tida. Med stor fattigdom er det mange overfall på vegane og på fjellstiar.

Dette er bakgrunnen for at venskapsgruppa hadde politieskorte 1. påskedag. To uniformerte og vepna politimenn var med på turen til Gullfjellet.

Ei uvanleg hending for ei gruppe frå Kvinnherad.

Det som står att på programmet i San Lucas Toliman er:

Besok på tre skular med overlevering av helsingar frå venskapsskulane i Kvinnherad - Sunde, Undarheim og Valen.

Ein dag vil gruppa vera med på ein større KS-konferanse saman med andre norske og gutatemalske kommunar, mellom anna saman med Odda og Stord.

Tema er: Korleis leggja til rette for eit gjensidig og nyttig samarbeid mellom så ulike kulturar.

Turen vert avslutta med tur til Flores med innsyn i Mayakulturen og alle utgravingane som er gjort i Tikal



Langfredagsprosesjonen var eit omfattande arrangement. (Foto: Magne Fitjar)